



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Dansepedagog - 21,79% vikariat

Stillingsinformasjon

Eit vikariat som dansepedagog i 21,79% storleik frå 01.01.2019 - 30.06.2019.

Spanande arbeidsoppgåver med motiverte elevar i ulike aldersgrupper.

Undervisninga er lagt til torsdagar på ettermiddagen.

Arbeidsplass

Meland kulturskule er ein arbeidsplass med eit kollegium med høg kompetanse og eit svært godt arbeidsmiljø.

Undervisninga finn stad i Meland Aktiv på Langeland/Frekhaug.

Arbeidsoppgåver

Ansvar for planlegging og gjennomføring av undervisning og framsyningar innan dans. Undervisninga skjer i grupper delte etter alder og nivå for elevar frå 3 år til 7. klasse. (Småbarnsdans for 3 og 4-åringar vert gjennomført med deltakande føresette)

Tverrfagleg samarbeid med resten av personalet i Meland kulturskule.

Kvalifikasjonskrav

Høgare dansepedagogisk utdanning. Søkjarar med lengre erfaringskompetanse kan og søkje. Vi har norsk som undervisningsspråk og er ein nynorskkommune. Personleg eignetheit for stillinga vil verte vurdert.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 16.12.2018

Utlyst dato 28.11.2018

Vårref

93/18

Kontaktperson

Camilla Søderstrøm Tveit, Rektor Meland kulturskule, tlf: 56171064, camilla.soderstrom.tveit@meland.kommune.no